



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrand
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/134 - 18/34206

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.11.2018

Mellombels bruksløyve for akse 1 - 6 - gbnr 137/807 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 615/18

Tiltakshavar: Galteråsen 7c AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert .

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.
Følgjande arbeid står att: - Diverse flikk og beslag

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: Utleigedel og trappehus i akse 1 – 6. Altan ikkje ferdigstilt.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.10.2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.11.2018.

VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Kontor/lagerbygg
Bygningsnummer:	300 678 477
Bruksareal:	1 900 m ²
Avløp:	Offentleg



Vatn:	Offentleg
-------	-----------

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for utleigedel og trappehus i akse 1 – 6 (altan ikkje ferdigstilt) på gbnr 137/807 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Akse 1 – 6 utleigedel og trappehus (altan ikkje ferdigstilt)**
- 2. Ferdigattest skal liggja føre innan 01.10.2019.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/134

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Galteråsen 7c AS

Galteråsen 4

5916

ISDALSTØ

Kopi til:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrand

5281

VALESTRANDSFOSEN

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrand

5281

VALESTRANDSFOSEN